

# Årsmelding for Naturbruksskolenes forening 2022, godkjent av årsmøtet 2023

---

## Styret 2022:

**Leiar:** Rolf Jøran Forsmo, Mosjøen videregående skole.

### Styremedlemmer:

Stein-Erik Svendsen, Senja videregående skole  
Åge Flægstad, Lena-Valle videregående skole fram til april 2022  
Espen Hagen, Lena-Valle videregående skole frå april 2022  
Anne Johanne Hatlinghus, Mære landbruksskole frå april 2022  
Camilla Skappel Vidnes, Strand vidaregåande skule  
Trond Håvard Bjørnstad, Voss vidaregåande skule. Sjukepermisjon hausten 2021 til april 2022.

**Revisor:** Vestland Fylkeskommune

### Valkomité:

Kjell Øystein Håkonsen, Øksnevad vidaregåande skule  
Torbjørn Litlere, Stend vidaregåande skule

## Styret sitt arbeid:

Styret og dagleg leiar er opptatt av å arbeide i tråd med foreninga sitt formål (henta frå vedtektene):

- *Naturbruksskolenes forening (NF) sitt formål er, via samarbeid, å styrke skolenes utdanningstilbud og identitet, samt å fremme utvikling og kontaktnett i Norge og internasjonalt*

*Dette skal foreningen få til ved å:*

- *samordne og iverksette felles markedsføring*
- *samordne og formidle internasjonale kontakter*
- *fremme videreutdanning, utvikle læremidler og læremetoder*
- *sikre årlige samlinger/årsmøte for alle videregående skoler med naturbruk*
- *representere naturbruksutdanningen overfor myndigheter, næringer, høyskoler og universitet.*

Styret har hatt 10 styremøte; alle digitale. Styret har vore særleg opptatt av å finne fram til ein best mulig måte å drive NatFor på etter at samfunnet åpna opp og vi kunne ha fysiske samlingar igjen, og når Erasmus+ midla vi har fått i Naturbruksskolenes konsortium gjer nettverksbygging i utlandet lett tilgjengeleg.

Dagleg leiar (i deltidsstilling) førebur saker til styret og står for dagleg drift; etablere effektive og oversiktlege strukturar for dokumentasjon av Erasmus+ aktivitetane, jobbar vidare med å effektivisere kommunikasjon og

drift av NatFor sin innanlandsaktivitet, arrangerer fagmøte, skriv nyhetsmail, oppdaterer Facebook, samarbeider med skulane og eksterne, skriv søknader om finansiering, svarar på henvendelsar og står for dagleg drift av konsortiet etc.

### Desse sakene som har prega styret sitt arbeid i 2022:

- Kva aktivitetar skal vi prioritere i NatFor?
- Korleis kan vi auke inntektene slik at vi kan fortsette med det aktivitetsnivået vi har i dag?
- Korleis kan vi jobbe sammen for å støtte skulane og lærarane i arbeidet med rekruttering av elevar og best mulig opplæring?
- Nye læreplaner på vg2 og vg3. Kva utfordringar og muligheter gir dei for skulane?
- Organisering av landbruksopplæringa; 2+2 eller 3 år i skole? Her er det delte meiningar og erfaringar mellom skolane. NatFor ønsker å legge til rette for meiningsutveksling.
- Innspel til tema for fysiske møte. Økonomisk støtte til møta?
- Korleis vi kan bruke Teams mest mogleg effektivt og slik at alle får nødvendig tilgang?
- Kommunikasjon: Korleis legge til rette for best mogleg kommunikasjon og informasjonsflyt mellom foreninga og skulane/lærarane? Nyhetsmail; form, innhald, for kven?
- Kor høgt vil vi prioritere arbeid med sosiale media/heimesida?
- Årsmelding og prioriteringar for komande år.
- Rekneskap, budsjett. Det er ei utfordring at rekneskapen i fylkeskommunen er lite tilpassa vårt behov for oversikt. Vi jobbar med å finne betre løysingar for føring av rekneskap.
- Samarbeid med NMBU og næringsorganisasjonane, NDLA og forlag. Vi opplever at kontakten med NMBU, Utdanningsdirektoratet og Norges Bondelag er god. Kan vi knytte tettare kontakt med Faglig Råd for Naturbruk og skuleeigarane?
- Samarbeid mellom «blå» og «grøn» naturbruksdanning. Invitasjon til samarbeid med Fosfor. Dette ønsker vi å jobbe vidare med, dersom Fosfor ønsker samarbeid med oss.
- Erasmus+ aktivitetar, administrative rutinar og god nok dokumentasjon av aktivitetane i Erasmus+ for dei 26 skulane i Naturbruksskolenes konsortium. Styret i NatFor er øverste ansvarleg for konsortiet, og drift av konsortiet, muligheter og forpliktelsar er oftast sak på styremøta.

### Medlemmer

40 skular betalte medlemskap i NatFor i 2022, ein auke på 7 over dei siste 2 åra. Styret og dagleg leiar ønsker nye medlemmer hjarteleg velkommen i Naturbruksskolenes Forening!

## Kva arbeider NatFor med?

### Aktivitet for å bygge nettverk i Norge:

**Arrangere fagmøte, kommunisere via nyhetsmail, fremme videreutdanning, utvikle læremidler og læremetoder**

Vi ønsker å legge til rette for at vi kan lære av kvarandre og inspirere kvarandre. Dette skjer gjennom å møtast i faggrupper og etter kvart bygge tette, utfordrande og støttande fagnettverk. Vi ser på dette som ei kjerneoppgåve og ønsker å gi alle lærarar tilbod om relevante fagmøte kvart år. I løpet av 2022 har vi invitert til meir enn 30 digitale fagmøte med 15-50 deltakarar/møte. Møta er opne for alle lærarar/leiarar ved skulane, dei er gratis og faglege tema spenner vidt innan programfag i naturbruk, bærekraft, eksamen og internasjonale aktivitetar.

NatFor tek sjølv initiativ til dei fleste fagmøta, men er glad for innspel/ønske frå enkeltpersonar og skular! Møta er av og til arrangerte av NatFor åleine, men oftast saman med samarbeidspartnarar.

Nyhetsmailane vart sendt ut 10 gonger i 2022 og er hovud- informasjonskanalen vår. Dei blei sendt til medlemsskular, samarbeidande organisasjonar og skular som ikkje er medlemmer. Vi ønsker å utvide kretsen av organisasjonar som får tilsendt nyhetsmailen vår fordi det er ein enkel måte å gjera arbeidet vårt kjent på.

Det siste året har vi igjen kunna arrangere fysiske møte. Vi har kjent på at dei fysiske møta er krevande å arrangere, at det er dyrt å reise for dei fleste skulane, men at det er likevel nyttig å møtast fysisk av og til.

Etter at korona slapp taket i 2022 har vi hatt:

- 2 dagers årsmøtesamling i Bergen. Samarbeid med Stend vgs. 18 deltakarar
- 2 dagers fagmøte for dyrefaglærarar i Bergen. Samarbeid med Stend vgs. Ca 37 deltakarar.
- 2 dagers møte for hestefaglærarar på Toten. Samarbeid med Lena-Valle vgs og Norsk hestesenter. Ca 35 deltakarar.
- 2 dagers nettverkssamling på Gardermoen og Ås med opp til 9 parallelle møtetema. Samarbeid med NMBU. 130 deltakarar
- 5 dagers kurs i regenerativt landbruk i Austerrike. Samarbeid med landbruksskole i Austerrike og finansiert av Erasmus+. 23 deltakarar

NatFor samarbeider med NMBU, NDLA, Fagbokforlaget, NIBIO. Vi er opptatte av å knytte tettare band og etablere nettverk for både «blå» og «grøne» skular og lærarar, og vi er opptatte av samarbeid med alle som jobbar med å styrke og utvikle naturbruksutdanning heilt generelt.

Vi trur på at vi har mykje å lære av kvarandre, og at alle kjem lengre og leverer betre kvalitet om vi samarbeider og gjer kvarandre gode.

### **Representere naturbruksutdanningen overfor myndigheter, næringer, høyskoler og universitet.**

NatFor har dette året samarbeidd med NMBU om nettverkssamling, etterutdanning og felles fagmøte/fagdidaktiske møte, med Fosfor, NIBIO, kompetansenavet på Mære og med Kompetanseprogram for voksenalronomlærere. Det siste har vore svært viktig for at vi får utvikla læremiddel for vg2 i NDLA, og for

mange av fagmøta vi arrangerer saman. Vi har også deltatt på møte i regi av Landbruks- og matdepartementet om rekruttering. NatFor trur på at vi alle når lengre gjennom å samarbeide med kvarandre, og er opne for meir samarbeid.

Erasmus+ har gjort det mulig å samlast til kurs eller jobbskygging i utlandet der reise og opphald blir dekt av stipend. Dette er eit alternativ som gjer at vi kan bygge nettverk i Norge samtidig som vi bygger nettverk og får ny kunnskap frå skular/bedrifter i utlandet.

### Internasjonal aktivitet

Her legg vi vekt på aktivitet som kan støttast økonomisk av EU sitt utdanningsprogram, Erasmus+, fordi dette gir stort utbytte for skulane og enkelttilsette samtidig som kostnad til reise og opphald er liten ( i motsetnad til fysiske møte i Norge, som skulane må dekke sjølve).

NatFor er akkreditert konsortiums-koordinator i Erasmus+. Dvs. vi har fått ein kvalitetsstempel og kan søke Erasmus+ middel på vegne av oss sjølve og skulane som ønsker å vera med. I 2022 auka vi frå 19 til 25 skular. Vi er ein av dei større konsortia innan yrkesfag både i norsk og europeisk målestokk.

Aktiviteten blir styrt etter retningslinene for Erasmus+ og etter kva medlemmene i konsortiet ønsker. I 2022 brukte medlemmene i konsortiet 433 669 kr av Erasmus+ pengane vi vart tildelt for prosjektperioden 2021-2023. (Skulane i konsortiet kom seint i gang med internasjonale aktivitetar av fleire ulike grunnar, men dette har tatt seg kraftig opp i 2023).

### Aktivitetar som vart gjennomført i 2022:

- Jobbskygging for tilsette (Estland, Island, Finland, Austerrike, Tsjekkia....)
- Kurs for tilsette (Austerrike)
- 1 gjesteforelesar frå Danmark i hestefag
- Elevpraksis (island, Spania, ....)
- Elevkonkurranse (AgroChallenge i Austerrike)
- 2 har deltatt i EUROPEA-samling i Tsjekkia. Dagleg leiar er styremedlem i EUROPEA International.

NatFor utgjer den norske avdelinga av nettverket EUROPEA International (Fleire hundre skular i 25 land) og dagleg leiar er pt styremedlem i EUROPEA International. Nettverket gir tilgang til mange skular og samarbeidspartnarar i Europa.

### Om fordeling av oppgaver:

Styret i NatFor er øverste ansvarleg og vi har aktiviteten i konsortiet oppe som sak på dei fleste styremøta. Dagleg leiar i NatFor er konsortiums-koordinator. Koordinator søker pengar frå EU, lagar strukturar for dokumentasjon og administrative rutinar, gjer avtale med kvar enkelt som reiser ut, legg kvar aktivitet inn i Beneficiary Module (EU si plattform for dokumentasjon/rekneskap), følger opp skulane, hjelper med å finne mottakarar så langt ho greier, arrangerer felles jobbskygging/kurs med deltakarar frå fleir skular, formidlar ønske om kontakt frå utanlandske partnarar, hjelper med å spreie informasjon om aktiviteten vi har hatt (krav frå Erasmus+), har løpande kontakt med HKDIR (som er EU sin representant i Norge) og skriv sluttrapport på kvart prosjekt.

Skulane i konsortiet møtes på Teams ca kvar 2. månad, og har så langt aldri møtt kvarandre fysisk.

### Om økonomi i konsortiet:

Vi søker nye pengar kvart år, og vil avslutte ein prosjektperiode kvart år frå nå av til 2027. Vi har så langt fått det vi har søkt om: Knappe 2 mill kr for 2021-2023 og ca 2,4 mill kr for 2022-2024. Det er søkt nye pengar for 2023-2025, men her har vi ikkje fått svar ennå.

Skulane i konsortiet melder inn ønske om aktivitet og stipendbehov til koordinator. Så langt har alle skular fått alt dei har bedt om.

I Erasmus+ tildelinga ligg pengar til dekking av arbeid med å drive konsortiet (Organisational Support, OS). Pengane er heilt nødvendige for at vi skal kunne drive konsortiet, men størrelsen er avhengig av kva aktivitetar vi har gjennomført, og omfanget derfor først kjent når prosjektperioden avsluttast (første gong hausten 2023). Usikkerheita har gjort at vi så langt har vore svært forsiktige med å bruke av OS, og i 2022 har vi ikkje brukt OS. Administrasjon av konsortiet har slik sett vore underfinansiert. Dette tek vi mål av oss å endre frå og med 2023. (Styret har bestemt at vi inntektsfører og brukar OS først det året prosjektet avsluttast, sjølv om arbeidet strekker seg over fleire år).

### «NatFor skal.....samordne og iverksette felles markedsføring»

Foreninga har ei heimeside med lenke til skulane og vi driv ei Facebook-side der vi deler informasjon frå skulane og relevante innlegg frå samarbeidspartnarar. Vi legg ut så mange innlegg som vi greier å finne tid til på Facebook, men har eit potensiale i å jobbe meir med heimesida vår. Dersom vi skal arbeide meir med sosiale media og andre former for marknadsføring, krev det meir ressursar, eller at vi prioriterer vekk andre aktivitetar.

### Representasjon i andre råd og utvalg

Trond Håvard Bjørnstad har vore observatør i styret for Nasjonalt råd for grønne fagskoler. Tone Mosebø sit i styret for EUROPEA International. Ho har også representert Naturbruksskolenes forening i (så langt uformelle) møte med NMBU og i Referansegruppe for Landbrukets Økoløft.

Stend 18.3./25.3.2023

For styret i Naturbruksskolenes Forening;

Tone O Mosebø

Dagleg leiar